



Friluftsgudsteneste i Årdalen

Søndag 24.8.-14 var det på nytt friluftsgudsteneste i Årdalen - den 6. på like mange år. Denne gongen var det seniorprest Sigurd Vengen som hadde pakka ornatet i ryggsekken for å møte kyrkjelyden på det vakre småbruket.

Med litt utrygt vêr samla kyrkjelyden seg i stova på våningshuset - grønsåpevaska etter at Atle Nøstdal hadde føra fram og lista dei nye vindauga med flid. Per Røyset ringde inn til gudsteneste med ei klangfull messingklokke, før inngangssalmen lydde til tonefylgje av Jon Inge Sigersland - denne gongen på blokkfløyte.

Per Røyset las deretter samlingsteksten, denne gongen om skaparverket. Atle Nøstdal las om Guds pakt med menneska frå 1. Mosebok (9, 8 - 17).

Sigurd Vengen starta preika med å minne om at det står i bergpreika at Jesus sette seg og lærde folket. Derfor var han i god kristen tradisjon når han preika sitjande frå ein god, gammal gyngestol. Teksten var henta frå Matteus 10, 29 - 31.

For dei frammøtte vart det ei fin stund. Bodskapen vart klårt og godt formidla av seniorpresten, som avslutta med solosong av ein irsk salme etter at Sigerland hadde spelt ein irsk melodi som postludium.

Etter at klokkeklangen igjen hadde tona ut, kunne kyrkjekaffien nytast i hagen medan sola varma og havet rulla mjukt mot land. Det heile vart krydra ved at Roe Helge Liset fortalde levande om nær historie og personar med tilknytning til Årdalen og Liset.

Referent: Terje Hovden

